

Opp tak i kulturskulen - også for skulemusikkaspirantar.

03.04.2020



Unge musikkaspirantar på julekonserten i Uskedal kyrkje før jul.

**Kvart år har Uskedal skulemusikk hatt prøveblås for dei som tenker på å bli messingspirantar på denne tida av året. På grunn av Corona-smittefarene let ikkje det seg gjennomføra i år. Likevel er det viktig at komande korpsmusikarar og andre som ønsker å vere elevar i kulturskulen neste år, sender søknad innan 15.april.**

Styret i skulemusikken håpar sjølvsagt på at dei skal få endå fleire unge musikarar etter at dei fekk eit flott tilsig i fjorårs sesongen. Interesserte må søkja som elev i kulturskulen innan søknadsfristen som er 15.april. Det same gjeld musikarar i korpset og andre som ønskjer å delta på dei gode tilboda i kulturskulen.

Dei som er interesserte, sender søknad elektronisk på speedadmin.dk. Meir informasjon om tilboda i Kvinnherad kulturskule finn de på [www.kulturskulen.kvinnherad.no](http://www.kulturskulen.kvinnherad.no). Dei som startar i kulturskulen, er i alle fall sikra å lære seg ein kjekk hobby som kan vare heile livet!

Tekst, arkivfoto og nett: Thor Inge Døssland